

MØTEBOK

Organ	Plan og forvaltningsutvalet
Møtestad	Digitalt møte - Teams
Møtedato	09.02.2021
Kl.	09:00 - 15:28

Faste medlemmer til stades:

Malén Røysum, Sp – møteleiar
Oddbjørn Bukve, Sv
Bodil Merete Andersen Strand, Sp
Ivar Slinde, Sp
Magne Bruland Selseng, Sp
Arne Glenn Flåten, H
Stig Ove Ølmheim, Ap
Rita Navarsete, Frp

Forfall til møtet:

Lars Trygve Sæle, H
Stig Ove Ølmheim, Ap – Permisjon kl. 14.27 – 14.45
Arne Glenn Flåten, H – Permisjon frå kl. 14.55

Varamedlemmer til stades:

Jan Arild Rømmen, V
Lin Åm, MPG – under sak 07/21

Til stades med møte- og talerett:

Kommunalsjef Arne Abrahamsen

Frå administrasjonen:

Tenesteleiar Markus Mohn Werner
Planleggar Sigrid Ølmheim

Sekretariat for møtet:

Maj Britt Brendstuen

Merknader til innkalling og sakliste:

Jan Rømmen (V) klarte ikkje å laste ned samledokument frå nettsida.
Stig Ove Ølmheim (Ap) etterlyser nytt vedlegg sett på postlista i sak 01/21.
Vedlegg vart lagt til saka og omdelt til deltakarar før handsaming av saka.
Rita Navarsete ynskjer at administrative vedtak viser resultat av handsaming.

Plan og forvaltningsutvalet valde møteleiar og Rita Navarsete og Arne Glenn Flåten til å godkjenne møteboka på vegner av organet.

Sak 1/21
Klagehandsaming - Dispensasjon Masseuttak Myradn

Tilråding:

Rådmannen rår plan- og forvaltningsutvalet til å gje slik tilråding

Plan og forvaltningsutvalet rår kommunestyret å gjere slikt vedtak:

Plan og forvaltningsutvalet tek ikkje klagen på vedtak om lenging av masseuttak på Myradn til følgje. Dette vert grunngjeve med at klagen omhandlar problemstillingar som har vore vurdert tidlegare i prosessen og slik danna grunnlag for vedtak. Klagen fremjar ikkje nye opplysningar som kunne hatt betydning for utfallet av saka ved vedtak fatta i kommunestyret den 21.10.2020. Det vert ut over dette vist til vurderingar i saksutgreiinga til saka.

Saka vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Habilitet:

Arne Glenn Flåten (H) bad om vurdering av sin habilitet då han ved tidlegare handsaming i kommunestyret vart kjend inhabil.

Habilitet vart røysta over. Plan og forvaltningsutvalet fann Arne Glen Flåten (H) er inhabil i saka, samrøystes.

Ikkje møtande varamedlem.

Avrøysting:

Framlegget frå rådmannen fekk 6 røyster, 4 Sp, 1 Sv og 1 V.

Vedtak:

Plan og forvaltningsutvalet rår kommunestyret å gjere slikt vedtak:

Plan og forvaltningsutvalet tek ikkje klagen på vedtak om lenging av masseuttak på Myradn til følgje. Dette vert grunngjeve med at klagen omhandlar problemstillingar som har vore vurdert tidlegare i prosessen og slik danna grunnlag for vedtak. Klagen fremjar ikkje nye opplysningar som kunne hatt betydning for utfallet av saka ved vedtak fatta i kommunestyret den 21.10.2020. Det vert ut over dette vist til vurderingar i saksutgreiinga til saka.

Saka vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Sak 2/21
Områdeplan Stedjevegen sør 16/2029

Tilråding:

Rådmannen rår plan- og forvaltningsutvalet til å gjere slik tilråding:

Plan- og forvaltningsutvalet gjer slik tilråding til kommunestyret:

Kommunestyret vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 12-12. områdereguleringsplan for Stedjevegen sør, sist revidert 13.09.2017.

Endringsframlegg:

Rita Navarsete (Frp) la fram forslag om at føresegn o-T2 punkt 2, første setning vert endra til:
«Innanfor g/bnr. 64/119 kan det mellom anna etablerast omsorgsbustadar»

Avrøysting:

Framlegget frå Framstegspartiet fekk 9 røyster og vart vedteke.

Vedtak:

Plan- og forvaltningsutvalet gjer slik tilråding til kommunestyret:

Kommunestyret vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 12-12. områdereguleringsplan for Stedjevegen sør, sist revidert 13.09.2017.

Punkt 2 i o-T2 i føresegnene vert endra til:

Innanfor g/bnr. 64/119 kan det mellom anna etablerast omsorgsbustadar.
Største tillate gesimshøgde er 14 moh. Største tillate mønehøgde er 16 moh. Takoppbygg som trapperom, heisoverbygg, mindre tekniske rom etc. kan godkjennast høgare dersom dette vert løyst og dokumentert på ein estetisk god måte.

Sak 3/21
Vedtak namnesak - Gamle Kaupangsvegen

Vedtak:

Plan og forvaltningsutvalet tilrår kommunestyret å gjere slikt vedtak:

Adresseparsell 15090 vert med heimel i Stadnamnlova §7 tildelt namnet *Gamle Kaupangsvegen* med adresses tilleggssnamna Kjørnes, Vikane og Vedlegjerdet.

Sak 4/21
1. handsaming - Detaljreguleringsplan for Kaupangsvegen 17 gbnr 105/58 - 105/79

Vedtak:

Plan og forvaltningsutvalet legg framlegg til detaljregulering ut til offentleg ettersyn og høyring i samsvar med plan- og bygningslova § 12-10:

Detaljreguleringsplan for Kaupangsvegen 17 gbnr 105/58 m.fl.

plankart dagsett 16.11.2020

føresegn dagsett 02.12.2020

Som føresetnad for det vidare planarbeidet leggst følgjande til grunn:

1. BRA m2 skal komme fram av plandokumenta.
2. Arkeologiske undersøkingar skal gjennomførast før vedtak av planen.

Sak 5/21

Klage på avslag om byggeløyve gjeve i BD-sak 594/20 av 09.12.2020

Tilråding:

Kommunalsjefen rår plan- og forvaltningsutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Klage på vedtak i sak 594/20 vert ikkje teken til følgje, då det ikkje ligg føre nye opplysningar som gjer at det er grunnlag for endring av vedtaket.

Vedtaket vert grunngeve med –

I vår saksutgreiing i BD-sak 594/20 er det gjort greie for at høgd og utforming samla sett gjer at tiltaket ikkje stettar krava i § 29-2 og derfor avslår søknaden med tilvising til både § 29-2 og 29-4.

Motteken klage omfattar ingen nye opplysningar som ikkje var kjent ved vedtak i BD-sak 594/20, ut over at det no blir føreslege å nytte bordforskaling i staden for glatt systemforskaling. Endringa er marginal og påverkar ikkje vår tidlegare vurdering av tiltaket.

Det vert ut over dette vist til vurdering i denne saka og sak BD 594/20

2. Klagen vert sendt Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Endringsframlegg:

Arne Glenn Flåten (H) la fram forslag:

Plan og forvaltningutvalet gir løyve til å setje opp betongmur med struktur som vist på bilde i klage frå Tokvam.

Avrøysting:

Framlegget frå Høgre fekk 4 røyster frå Ap (1) Frp (1), H (1), og Sp (1 - MBS) og framlegget vart forkasta.

Innstillinga frå rådmannen fekk 6 røyster frå Sp (4), Sv (1) og V (1)

Vedtak:

1. Klage på vedtak i sak 594/20 vert ikkje teken til følgje, då det ikkje ligg føre nye opplysningar som gjer at det er grunnlag for endring av vedtaket.

Vedtaket vert grunngeve med –

I vår saksutgreiing i BD-sak 594/20 er det gjort greie for at høgd og utforming samla sett gjer at tiltaket ikkje stettar krava i § 29-2 og derfor avslår søknaden med tilvising til både § 29-2 og 29-4.

Motteken klage omfattar ingen nye opplysningar som ikkje var kjent ved vedtak i BD-sak 594/20, ut over at det no blir føreslege å nytte bordforskaling i staden for glatt systemforskaling. Endringa er marginal og påverkar ikkje vår tidlegare vurdering av tiltaket.

Det vert ut over dette vist til vurdering i denne saka og sak BD 594/20

2. Klagen vert sendt Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Sak 6/21
Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan for bruk av anneks som sjølvstendig brukseining på g/bnr. 19/184

Tilråding:

Kommunalsjefen rår plan- og forvaltningsutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Søknad om dispensasjon frå reguleringsføreseggen § 3.4.1. slik at anneks kan nyttast som ei sjølvstendig brukseining blir avslått. Avslaget er heimla i pbl. § 19-2 og grunngjeve med at føremålet med føreseigna blir vesentleg sett til sides og at ein dispensasjon vil medføre presedens for heile hytteområdet i Hodlekve.
2. Plan- og forvaltningsutvalet rår til at administrasjonen fremjar sak om endring av reguleringsplanane i Hodlekve slik at det vert høve til å føre opp ei mindre hytte i staden for anneks innanfor gjeldande arealgrensar for områda.

Habilitet:

Stig Ølmheim bad om at utvalet vurdere hans habilitet då han er hytteeigar i same felt.

Plan og forvaltningsutvalet fann Stig Ove Ølmheim habil, samrøystes.

Endringsframlegg:

Ivar Slinde (Sp) og Jan Arild Rømmen (V) la fram forslag om at punk 2. i framlegget går ut.

Stig Ove Ølmheim (Ap) la fram forslag om å utsetje saka til neste møte.

Avrøysting:

Framlegget frå Arbeidarpartiet fekk 2 røyster frå Ap (1) og H (1), og framlegget vart forkasta.

Innstillinga frå rådmannen frå rådmann vart røysta over punktvis.

Punkt 1. samrøystes vedtek.

Punkt 2 . Framlegget frå Senterpartiet og Venstre fekk 9 røyster.

Vedtak:

1. Søknad om dispensasjon frå reguleringsføreseggen § 3.4.1. slik at anneks kan nyttast som ei sjølvstendig brukseining blir avslått. Avslaget er heimla i pbl. § 19-2 og grunngjeve med at føremålet med føreseigna blir vesentleg sett til sides og at ein dispensasjon vil medføre presedens for heile hytteområdet i Hodlekve.

Sak 7/21
Mindre endring - detaljreguleringsplan for Lerum brygge

Habilitet:

Oddbjørn Bukve (Sv) bad utvalet vurdere hans habilitet etter paragraf 6 i forvaltningslova.

Grunngjeving er at sonen hans har delteke i arbeidet med reguleringsendringa, og har representert Lerum brygge i møte med Sogndal kommune under førebuing av saka.

Habilitet vart røysta over. Plan og forvaltningsutvalet fann Oddbjørn Bukve (Sv) er inhabil i saka, samrøystes.

Lin Åm (MPG) deltok som varamedlem.

Vedtak:

Plan- og forvaltningsutvalet vedtek mindre endring av detaljreguleringsplan for Lerum Brygge i samsvar med plan- og bygningslova § 12-14.

Endringane går fram av:

- plankart dagsett 18.11.2020;
- føresegner dagsett 16.12.2020 og;
- planomtale for endring dagsett 16.12.2020.

Sak 8/21

1. Handsaming - Detaljreguleringsplan Marebakken Balestrand gbnr 309/1 og 309/54

Tilråding:

Kommunalsjefen rår plan- og forvaltningsutvalet til å gjere slikt vedtak:

Plan- og forvaltningsutvalet legg framlegg til detaljreguleringsplan for gbnr. 309/54 m.fl. Marebakken ut til offentlig ettersyn og høyring i samsvar med plan- og bygningslova § 12-10, med desse endringane:

1. Det vert sett vilkår om at det skal gjerast geoteknisk vurdering før vedtak av reguleringsplanen.
2. Det vert sett rekkefølgekrav om at turvegane f_GT_1 og f_GT_2 skal vere opparbeidd før det vert gjeve bruksløyve innanfor høvesvis B1 og B2_1/B2_2.
3. Det vert sett føresegn om at det skal opparbeidast eit fysisk skille mellom o_SBG_6 og f_SPA.

Endringsframlegg:

Ivar Slinde (Sp) la fram forslag om nytt punkt 4:

Rådmann får fullmakt til å setje av areal til renovasjonshandtering i plankartet før planframlegget vert kunnngjort.

Avrøysting:

Framlegget frå Senterpartiet fekk 9 røyster.

Innstillinga frå rådmannen vart vedteke med nytt punkt 4.

Vedtak:

Plan- og forvaltningsutvalet legg framlegg til detaljreguleringsplan for gbnr. 309/54 m.fl. Marebakken ut til offentlig ettersyn og høyring i samsvar med plan- og bygningslova § 12-10, med desse endringane:

1. Det vert sett vilkår om at det skal gjerast geoteknisk vurdering før vedtak av reguleringsplanen.

2. Det vert sett rekkefølgekrav om at turvegane f_GT_1 og f_GT_2 skal vere opparbeidd før det vert gjeve bruksløyve innanfor høvesvis B1 og B2_1/B2_2.
3. Det vert sett føresegn om at det skal opparbeidast eit fysisk skille mellom o_SBG_6 og f_SPA.
4. Rådmann får fullmakt til å setje av areal til renovasjonshandtering i plankartet før planframlegget vert kunngjort.

Sak 9/21
1. handsaming - detaljreguleringsplan for rv. 5 Fosshagen bru

Vedtak:

Plan- og forvaltningsutvalet legg framlegg til detaljreguleringsplan for rv. 5 Fosshagen bru ut til offentlig ettersyn og høyring i samsvar med plan- og bygningslova § 12-10, med desse endringane:

1. Faresone H320 (flaum) langs strandlinja vert innarbeidd i reguleringsplanen før vedtak.
2. Faresone H310 (ras- og skredfare) vert innarbeidd i reguleringsplanen før vedtak.

Sak 10/21
1.handsaming Detaljreguleringsplan Kalkarteig bustader

Handsaming

Habilitet:

Ivar Slinde (Sp) stilte spørsmål om habilitet då han har svigerinne som bur i området.

Spørsmål om habilitet vart røysta over og plan og forvaltningsutvalet fann Ivar Slinde habil i saka, samrøystes.

Vedtak:

Plan- og forvaltningsutvalet legg framlegg til detaljregulering for Kalkarteig bustader ut til offentlig ettersyn og høyring i samsvar med plan- og bygningslova § 12-10:

- Plankart dagsett 08.01.2021
- Føresegn dagsett 08.01.2021

Som føresetnad for det vidare planarbeidet skal følgjande leggjast til grunn:

- Føresegn skal rettast slik at det er samsvar mellom plankart og føresegn.
- Grønkorridor som illustrert i illustrasjonsplan skal takast med som eit rekkefølgekrav.

Føresegn 1.3 skal rettast til:

Tiltak og anlegg innanfor planområdet skal utformast universelt med tanke på best mogleg tilgjenge for alle grupper. Universell utforming skal dokumenterast i detaljplanlegging og søknader om tiltak.

Tilkomst mellom BF4 og BF5 til friområde f_GF3 er for bratt for universell utforming

Føresegn 5.9 skal rettast til:

Felles leikeplass skal utstyrast med minimum fire leikeapparat som gjev moglegheit for allsidig leik for barn i ulike aldersgrupper. Det skal leggjast til rette for planting og skjerming, sittemoglegheiter og inngjerding. Minimum halvparten av leikeplassen skal utformast etter prinsippa om universell utforming.

Plankart skal ha riktig kommunevåpen.

Sak 11/21
Høyring - Politisk reglement for Sogndal kommune

Tilråding:

Kommunalsjefen rår plan- og forvaltningsutvalet til å gjere slikt vedtak:

Plan- og forvaltningsutvalet gir uttale om og sitt syn på kva for arbeidsområde dei har ynskje om og det er teneleg at dei jobbar med.

Handsaming

Oddbjørn Bukve (Sv) la fram forslag til innspel:

1. Samordning mellom samfunnsplan og arealplan må ligge til planutvalet og ikkje utval for samfunnsutvikling, då arealplanen følgjer etter samfunnsplanen i tid og planutvalet må syte for samanhengen når utvalet handsamar arealplanen
2. Arbeidsgruppa må vurdere arbeidsdelinga mellom planutvalet og utval for samfunnsutvikling når det gjeld vegar og annan infrastruktur for samferdsle. Endra arbeidsdeling eller tettare samarbeid mellom utvala?
3. Arbeidsgruppa må vurdere ansvar og arbeidsdeling for bustadbygging. Feltet er relevant for alle utvala: Sosial bustadbygging for levekår, miljøvenleg bustadbygging for samfunnsutvikling og arealbruk til bustader i planutvalet. Korleis samordne dette? Bør dei andre utvala høyrast før planutvalet gjer vedtak i saker på feltet

Avrøysting:

Plan og forvaltningsutvalet la fram forslag om sake vert utsett til neste møte, samrøystes.

Vedtak:

Saka vert utsett til neste møte i plan og forvaltningsutvalet.

Sak 12/21
Plan og forvaltningsutvalet - Skriv, meldingar, orienteringar og drøftingssaker 2021

A. Skriv og meldingar

1. Vedtak i klagesak - Byggesak - Sogndal - 82/14 og 16 - Lomelde - byggeløyve for VVA-anlegg, Statsforvaltaren i Vestland (Arkivsak 20/4141)

B. Drøftingar

1. Evaluering av plan- og forvaltningsutvalet 2020 – utsett til neste fysiske møte i organet

C. Orienteringar

1. Reguleringsplan Henjabakkane
2. Samfunnsplan

D. Spørsmål frå representantane

Spørsmål sent inn i forkant av møte:

Arne-Glenn Flåten (H)

- Staus på plastforureining på Fimreite – Svart ut i møtet
- Deponi og masseknusing av massar på Kaupanger på m.a. travbana – Svart ut i møtet
- Dispensasjonssak på Gurvin – Svart ut i møtet

Malén Røysum (Sp)

- Status på reguleringsplan i Strandavegen – Svart ut i møtet

Spørsmål i møte:

Rita Navarsete (Frp)

- Bråtane-feltet – veg som ikkje har gang- og sykkelsti og gatelyset - Svart ut i møtet
- Amla-feltet - vegframkomst - Svart ut i møtet
- Sogndal sentrum – rydding i nedste Fjæra - Svart ut i møtet
- Ynskjer at vedtak i Leighota om uteareal tilsendt - Svart ut i møtet

Stig Ove Ølmheim (Ap)

- Njøsavegen – planar - Svart ut i møtet

Vedlegg:

Til punkt: A1, C.2.